

HANDBOK

I

GRUPPELEIING

-eit verkeleg eventyr



Forord

Denne handboka er eit resultat av eit godt stykke arbeid av heile personalet i Trollongane barnehage. Den viser korleis vi jobbar med gruppeleiing, over for barna, foreldra og kvarandre. Handboka gjenspeiler og dei holdningane og verdiane vi har i barnehagen.

Det er viktig at vi som jobbar i Trollongane barnehage gjer oss godt kjent med handboka, lesar i den sjølv, diskuterer den på møter, slik at alle barn blir møtt på ein god måte. Handboka er eit viktig verktøy for å sikra at vi gir barna eit godt læringsmiljø slik at dei er godt forbera til å møte livet etter barnehagen. Handboka skal vere med å sikra at Trollongane barnehage har god kvalitet .

At verden forandrar seg veit vi alle og derfor er det viktig at vi heile tida har eit vurderande blikk på handboka. Det er viktig at vi vurderer og revidere handboka så at den til ein kvar tid er oppdatert og i tråd med ny lærdom og praksis.

Handboka skal leve saman med Trollongane barnehage!

Tor Inge Pettersen
Redaktør og styrar
Bryne april 2008

A. Tydelig gruppeledelse

1. Den voksne er modell for barnas oppførsel



Miljøet påvirkes av at den voksne er ein tydelig leder

A 1. DEN VAKSNE ER MODELL FOR BARNAS OPPFØRSEL

Dette betyr: Dei vaksne i barnehagen er viktige rollemodeller for barna. Dei les kroppsspråket vårt, speglar seg i oss og lærar av våre holdningar. Slik vi er, oppfattar dei at dei skal være i dei ulike situasjonane.

Konkrete, nyttige erfaringar om korleis du som vaksen kan være ein positiv modell for barns oppførsel i barnehage og skole:

- Sjå barna som likeverdige og ha respekt for dei.
- Vise omsorg for alle rundt oss, gi ein klem.
- Vera høfleg, sei ”god morgon” og ”takk for maten”
- Anerkjenne og bekrefte barna ved å godta at dei tek ut ulike følelsar.
- Ta oss tid til å lytte.
- Dele med kvarandre.
- Innrømme feil og seie unnskyld.
- Gi trøst.
- Gi ros når andre høyrer
- Grunngeiv val vi tar, vise at det er ei meining med det vi gjer.
- Følgje regler vi har satt. Eks. vi seier til barna at det ikkje er lov å springe inne, rett etter er du i farten og gjer det same sjølv.

B. Relasjon voksen - barn

1. Den vaksne skal formidle positive forventningar til alle barna

2. Vis barna tillit

3. Legg vekt på positiv sosial kontakt med alle barna

4. Gi rom for humor



Gode relasjonar mellom den vaksne og barna påverkar miljøet positivt.

B 1. DEN VAKSNE SKAL FORMIDLE POSITIVE FORVENTNINGAR TIL ALLE BARNA.

Dette betyr: Vi må sjå alle barna, både dei stille og forsiktige og dei urolige. Alle har krav på vår merksemd og vi må gi alle barna muligheiter.

Konkrete, nyttige erfaringar om korleis du som voksen kan formidle positive forventningar til alle barna:

- Bruke små grupper for å sleppa alle til.
- Ta barna på alvor og vera positive til deira innspel og idear.
- Lære dei sosiale speleregler/sosial kompetanse.
- Vise at det er lov å feile
- Ta kontakt med enkelt barn og oppmuntre.
- Finne fram til barnet sterke sider og bruke det positivt.
- Sette ord på barnets positive sider.
- Være bevist på gruppesamansetjing.
- Ha tid og tålmod.

B 2. VIS BARNA TILLIT

Dette betyr: Vi viser at vi stoler på barna og deira ord. At vi ser på barna som likeverdige, med eigne evner, og at vi har forventningar til dei.

Konkrete, nyttige erfaringar om korleis du som voksen kan vise alle barna tillit:

- Gi barna konkrete oppgåver og ta dei med på kvardagsaktivitetar.
- Gi barna utfordringar ved å la dei gjere nye ting.
- Gi barna ansvar for ting åleine.
- La barna prøve å ordne opp sjølv.
- Viss noen vil være inne åleine, gje rammene og la dei prøve

B 3. LEGG VEKT PÅ POSITIV SOSIAL KONTAKT MED ALLE BARN

Dette betyr: Den voksne er tilstede og passer på at alle barn blir sett. Vise i ord og handling at vi har det kjekt i lag med barna. Alle barn skal begynne dagen med blanke ark.

Konkrete, nyttige erfaringar om korleis du som lærer kan oppnå sosial kontakt med alle barna i gruppa:

- oppsøke barn som ikkje stikk seg fram.
- Legge til rette for positivt samvær.
- Rose barn foran andre.
- La blikket gli over avdelinga og møt blikket til kvart enkelt barn.
- Vera i forkant og ta kontakt før negative ting får skje.
- Unngå situasjonar ein veit blir vanskelege for barna.
- Leike med barna
- Fortelje foreldre, andre barn og voksne det kjekke ein har gjort i lag.
- Gi positiv merksemd før barnet krev det.
- Faste voksne i gruppa over tid.
- Avslutte eventuelle konflikhtar med positiv kontakt.

B 4. DEN VAKSNE SKAL GI ROM FOR HUMOR

Dette betyr: Vi må ha ein open og lett atmosfære i gruppa, slik at både barn og voksne tør vera spontane og slå seg laus. Vere romslege med smil og latter.

Konkrete, nyttige erfaringar om korleis du som voksen kan gi rom for humor i gruppa:

- ha morosame leiker og aktivitetar
- tulle og tøyse saman med barn, gjerne ”herje” med dei, ”bake brød” m.m.
- at vi voksen ikkje tar oss sjølve så høgtideleg, le av oss sjølv.
- Song, vitsar, dans, rim og reglar.
- Gripe utspel frå barna
- Bruke tøyseord, tøysespråk.

- Kroppsspråk.
- Dramatisering
- Utkledning er god humor.
- Eventyr.
- Gi rom for at barna kan fortelje morosame opplevingar og liknande.
- Vere bevist forskjellen på barnehumor og vaksen humor.
- Tåle barns humor, men og sette grenser.
- Passe på at ein ler med og ikkje av.

C. Påverking av relasjonar mellom barn

1. Stimuler til positiv kontakt mellom barna
2. Bygg opp barns sosiale kompetanse
3. Lær barna å ta ansvar for kvarandre



Gode relasjonar mellom barna førebygger psykososiale vanskar

C 1. STIMULER TIL POSITIV KONTAKT MELLOM BARNA

Dette betyr: Vi må vera beviste vaksne som er merksame på det som skjer i gruppa og som er ”tilstade”, for å kunna hjelpa og støtta der det trengs.

Konkrete, nyttige erfaringar om korleis du som vaksen kan stimulere til positiv kontakt mellom barna i gruppa:

- vera merksame på positive innspel frå barna.
- Legge til rette for god leik gjennom god tid og nødvendig materiell.
- Leikegrupper
- La barna få ordne opp sjølve med hjelp og oppmuntring.
- Sjølv delta i leik.
- Hjelpa barna til å setta ord på følelsar.
- Aktivitetar for å bli kjent.
- Gi barna roller i rolleleik.
- Ta med få barn på utvalte aktivitetar, eks trøtraktor tur, biltur, spela spel.
- Steg for steg, sosial kompetanse.
- Sangleiker.
- Leik ute, rødt lys og likande.
- Den vaksne må vera ein tydeleg støttespelar og deltakar, sær i starten av leiken.
- Bruke måltidet positivt, lage rom for god samtale og skapa gode relasjonar mellom barna.
- Gi barna oppgavar som dei løyser eller utførar saman.

C 2. BYGG OPP BARNS SOSIALE KOMPETANSE

Dette betyr: At vi skal hjelpe barna til å bli trygge, og til å mestre samspill med andre, gjennom kvardagssituasjonar og leik, både med barn og vaksne.

Konkrete, nyttige erfaringar om korleis du som vaksen kan bygge opp den sosiale kompetansen til barn:

- vi er gode rollemodeller.
- steg for steg.
- knytta ”steg for steg” til kvardagen.
- legge til rette for gode leikemuligheiter *og materiell*.
- drama.
- kompetente vaksen som er til stede og observerer og støtter.
- bygge på det positive, ikkje straff og truslar.
- kommunikasjon er viktig, støtte og lære barna å kommunisere i staden for å slå.
- Gi muligheiter for små grupper
- La barna ordne opp sjølv når dei kan.
- Viktig å lære barna empati.

C 3. LÆR BARNA Å TA ANSVAR FOR KVARANDRE

Dette betyr: lære barna til å sjå andre og balansegangen mellom egne og andres behov . Gi hjelp og støtte til å sjå konsekvensen av handlingane sine.

Konkrete, nyttige erfaringar om korleis du som vaksen kan lære barna å ta ansvar for kvarandre:

- hjelpe barna å sette ord på følelsar
- vise dei konkret kva omsorg kan vere; klem, klapp på kinnet, trøste, hjelpe m.m.
- dei vaksne må visa ansvar og hjelpe kvarandre.
- Blanda aldersgruppe, slik at dei eldste kan hjelpe dei minste
- Barn kan hjelpe kvarandre med å kle på seg

- Dei store kan besøka Vesletroll
- Vaksne må sette ord på gode eksemplar der barna tar ansvar for kvarandre
- Steg for steg

D. Tilpasset undervisning

1. Tilpass undervisning og aktiviteter til det enkelte barn



Barns læringsmiljø betres når aktiviteten er tilpasset den enkelte.

D 1. TILPASS OPPLÉGG OG AKTIVITET TIL DET ENKELTE BARN.

Dette betyr: at den voksne er tilstades og ser kor det enkelte barne er og at kvart enkelt barn får oppleve balansen mellom meistring og utfordringar.

Konkrete, nyttige erfaringar om korleis du som voksen kan tilpasse opplegg og aktivitet til det enkelte barn:

- Observasjon, alle med, TRAS
- Lilla klubb
- Mindre grupper, nok voksne for å nå den enkelte.
- Sjå etter kva barnet kan og ikkje leite etter feil
- Ha materiell og opplegg etter behov
- La barn som vegrar seg, sjå på, ta det i sitt tempo => ta det neste gong.
- Rose meistring, la alle få meistrings opplevingar
- Dei ulike intelligensane for å finne ulike interesseområde.
- Lytte/leite etter barnas interesse og fokus.

E. Tilpasset fysisk miljø

1. Legg til rette det fysiske miljø slik at det stimulerer til konsentrasjon om arbeidet, leik og ønsket sosial kontakt.



Gruppas læringsmiljø kan betras ved bevisst å utnytte det fysiske miljøet.

E 1. LEGG TIL RETTE DET FYSISKE MILJØ SLIK AT DET STIMULERER TIL KONSENTRASJON OM ARBEIDET, LEIK OG ØNSKET SOSIAL KONTAKT.


Dette betyr: vi må være beviste på kor vi plasserar aktivitetane i forhold til kvarandre, slik at dei innbyr til det vi ønske. Skjerme barna og aktiviteten deira.

Konkrete, nyttige erfaringar om korleis du som voksen kan bruke det fysiske miljøet slik at det stimulerer til konsentrasjon og ønsket sosial kontakt:

- dei vaksne må diskutera løysningane saman og vera einige om hensikta med dette.
- Det må vere samanheng mellom behova i gruppa/det enkelte barn sitt behov og organiseringa av det fysiske miljøet.
- La barna møte ryddige og innbydandes lokalar.
- Laga lekekrokar
- Skilje roleg leik og leik med mykje lyd.
- Avskjerming, gjerne med hyller, bord, stoler og anna.
- Nytte alle muligheiter, nytte huset, leikeplassen og nærområdet.
- Bøker og sofa/puter innbyr til lesing.
- Beviste vaksne som fordele seg der dei trengs, søke barna.
- Ha leiker og materiell lett tilgjengeleg.
- Det er muleg å ha opne avdelingar, men lukka dørene av og til.
- Observera og endre undervegs viss behov er tilstades.

F. Flyt i dagen

1. Flyt i dagen har hovudfokus



Flyt i dagen påvirker både læring og det sosiale miljøet i gruppa

F 1. FLYT I DAGEN HAR HOVUDFOKUS

Dette betyr: God dagsrytme, gode planar og forberedte vaksne i botn, men rom for fleksibilitet.

Konkrete, nyttige erfaringar om korleis du som vaksen kan sikre flyt i dagen:

- trygge omgjevnadar; barnehagen er ein eining der alle vaksne kjennar alle barn og kan ta i mot dei på tvers av avdelingane, om nødvendig.
- Glede og humor.
- Dei vaksne samarbeidar og gjer nokolunde likt.
- Vere i forkant
- Forberede barna på eventuelle endringar.
- God planlegging som gjev forutsigbarhet både for barn og vaksne.
- Gi hjelp på tvers av avdelingane.
- Kunne seie i frå og be om hjelp når ein treng det.
- God kommunikasjon mellom dei vaksne.
- Forberede dei andre på eventuelle endringar.
- LØFT og positiv tankegang
- God og tydeleg informasjon.
- Forklara foreldre ved henting viss ein har forandra planane og kvifor.
- Fleksibel der ein ser mogligheiter.
- Å ha ein god dag er viktigare enn at alt følgjar planane.

G. Regler og rutinar

1. Den vaksne bruker tid til å etablere gode regler og rutinar ved start om hausten
2. Den vaksne legger vekt på ein positiv og samlende start på dagen
3. Den vaksne definerer tydelig når læringsøkta startar og sluttar
4. Den vaksne etablerer gode rutinar for overgangar mellom aktivitetar
5. Den vaksne sørgjer for at det utarbeidast gode regler for ulike aktivitetar



Læringsmiljøet i gruppa betres ved å ha gode rutinar og klare regler

G 1. DEN VAKSNE BRUKER TID TIL Å ETABLERE GODE REGLER OG RUTINAR VED START OM HAUSTEN

Dette betyr: vi må vere godt forberedt i god tid før oppstart. Vi må vere tydelege vaksne som seier noko om våre forventningar, samtidig som vi gir klare retningslinjer og tydeleg informasjon til dei som vi møtar til hausten.

Konkrete, nyttige erfaringar om korleis du som voksen kan etablere gode regler og rutinar i gruppa:

- Primærkontaktar.
- Velkomen brev.
- Oppstart samtale.
- Besøk i barnehagen på våren/sommaren.
- Min bok.
- God informasjon om innkjøring.
- Alle vaksne gjer same informasjon.
- Faste rutinar
- Møte barn i garderoben.
- Barnet kan ha med ein trygg leike (bamse, fille eller anna).
- Korte dagar under innkjøring.
- Innkjøring overtid, dersom mogleg.
- Samkøyre innkjøring, slik at ikkje alle startar på likt.
- Ta vare på foreldra, ha tett kontakt i starten og gjerne telefon kontakt gjennom dagen.
- Trygge og profesjonelle vaksne som viser at dei meistrar ulike situasjonar.
- Trygge foreldre gir trygge barn
- TID

G 2. DEN VAKSNE LEGGER VEKT PÅ EIN SAMLENDE OG POSITIV START PÅ DAGEN

Dette betyr: den vaksne har ein viktig rolle om morgonen og det kan være avgjørande for at barna får ein god dag i barnehagen.

Konkrete, nyttige erfaringar om korleis du som vaksen kan starte dagen positivt og samlende:

- Møte den enkelte i garderoben.
- Er blide og imøtekomande og seier ”god morgon”.
- ”sjå” barnet som kjem og foreldra deira.
- Ta imot informasjon som kan være nødvendig for dagen.
- Gi informasjon om dagen.
- Gi den enkelt oppmerksom og av og til treng nokon meir enn vanleg.
- Legge til rette for rolige aktivitetar
- Ha ein innbydandes avdeling
- God stemning med lys, klassisk roleg musikk.
- God frukost med gode rutinar.
- Personalet veit kven som har dei enkelte oppgåvene og er forberedt til dagen.
- Fortsette dagen med struktur og gode rutinar.

G 3. DEN VAKSNE DEFINERER NÅR AKTIVITETEN STARTAR OG SLUTTAR

Dette betyr: at vi er tydelege vaksne som har faste rutinar og handlingar som vi brukar kvar gong i starten og slutten av ein aktivitet.

Konkrete, nyttige erfaringar om korleis du som lærer kan starte og slutte ein aktivitet på ein god måte:

- faste songar som startar samlinga
- faste plassar til samlingane
- faste rutinar for dei ulike aktivitetane
- forberedte vaksne
- klare og tydelege beskjedar
- signal for start/slutt
- forberede barna før samlinga startar

G 4. DEN VAKSNE ETABLERER GODE RUTINAR FOR OVERGANGAR MELLOM AKTIVITETAR

Dette betyr: Vi må være tydelege og bruke faste metodar i overgangane.

Konkrete, nyttige erfaringar om gode rutinar for overgangar mellom aktivitetar:

- forberede barna på det som kjem
- uttale forventningar til barna
- samkjørte vaksne
- små grupper ved for eksempel påkledning
- piktogram
- korte tydelige beskjeder
- fordele vaksne der det trengs

G 5. DEN VAKSNE SØRGER FOR Å UTVIKLE GODE REGLER FOR ULIKE AKTIVITETAR

Dette betyr: at dei vaksne må ha god planleggingstid saman i forkant, for å bli einige og samkjørte på korleis ein ønske at det skal være.

Konkrete, nyttige erfaringar om gode regler for ulike aktivitetar

- godt forberedt, finne fram ting og gjøre klar i forkant
- faste rutinar
- at barna veit kva dei har lov til i dei ulike aktivitetane
- at barna er med å besestemmer for å få eigarforhold til aktiviteten
- klare forventingar
- god arbeidsfordeling så alle veit kva oppgover dei har
- fast person som har hovudansvar
- faste rom for dei ulike aktivitetane
- faste tider
- prøve å skjerme aktiviteten frå uro
- evaluere og korrigere

H. Forutsigbarhet

1. Den voksne skal være forutsigbar

2. Den voksne skal sørge for at barn som gjør regelbrudd blir møtt med konsekvenser



Miljøet påvirkes positivt av at den voksne opplevast som forutsigbar

H 1. DEN VAKSNE SKAL VÆRE FORUTSIGBAR

Dette betyr: at vi må vera tydelege vaksne så barna forstår oss og veit kor dei har oss, og veit kva vi forventar av dei i ulike situasjonar.

Konkrete, nyttige erfaringar om korleis den vaksne kan være forutsigbar:

- samsvar mellom kroppsspråk og tale
- vere nær og tilstades
- tydelege og klare beskjedar
- bli godt kjent med barna
- sei tydeleg korleis vi ønske at ting skal vera
- gjensidig respekt og medverking
- være i forkant
- være konsekvent og tolmodig
- barna må vite kor dei finn oss
- positive rollemodellar

H 2. DEN VAKSNE SØRGER FOR AT BARN SOM GJØR REGELBRUDD BLIR MØTT MED KONSEKVENSAR

Dette betyr: at dei vaksne er samde om kva reglar som gjeld og støttar om kvarandre.

Konkrete, nyttige erfaringar om korleis den vaksne kan reagere overfor barn som bryter regler:

- at vi er konsekvente
- vaksne som er tilstades og ser kva som skjer blant barna
- at alle barn og vaksne veit kva reglar vi har
- samkjørte vaksne
- knytte steg for steg til kvardagen

- samtale med den det gjeld
- samtale/samarbeid med føresette
- ta barnet vekk frå dei andre når ein tek opp vanskelege sakar
- sjå barna ann, tilpasse

I. Evaluering

1. Den vaksne evaluerer barnas arbeid og oppførsel fortløpande
2. Barna skal med jevne mellomrom delta i evalueringa



Arbeidsmiljøet påvirkes av at barn får tilbakemelding om sin åtferd og sitt arbeid

I 1. DEN VAKSNE SKAL EVALUERE BARNAS ARBEID OG OPPFØRSEL FORTLØPANDE

Dette betyr: at man observerer barna, er aktivt tilstede og ser barnet.

Konkrete, nyttige erfaringar om korleis du som voksen fortløpande kan evaluere barnas arbeid og oppførsel:

- praksisforteljingar
- Observasjonar (TRAS, Alle med)
- Tolke observasjonane og eventuelt sett inn tiltak
- Evaluere observasjonane
- Vere tilstades i leik, samspel, styrte aktivitetar.
- Samtale dei vaksne imellom
- Legge til rette for observasjonar
- Dokumentasjon
- Organisere dagane slik at det er struktur, og muligheit for å vere tilstades med barna

I 2. BARNA SKAL MED JEVNE MELLOMROM DELTA I EVALUERINGA

Dette betyr: at det enkelt barn skal få sei noko om korleis han/ho opplever seg sjølv og dagen i barnehagen.

Konkrete, nyttige erfaringar om korleis du som voksen kan involvere elevane i evalueringa:

- barnesamtalar/intervju
- Steg for steg
- La barna fortelje om samlingar, turar og dagen generelt
- La barna være med å ta bilete og legge dei inn på pc.
- La barna få være med å lede samling/ha samling sjølv
- dokumentasjon

J. Reaksjonsmåtar ved uønsket åtferd

1. Velg reaksjonsmåtar i relasjon til situasjon og aktuelle barn

2. Unngå opne konfrontasjonar med tilskuare.

3. Fokuser på den konkrete hendinga



Gode reaksjonsmåtar på uønsket åtferd påverkar miljøet

J 1. VAL AV REAKSJONSMÅTAR I RELASJON TIL SITUASJON OG AKTUELLE

Dette betyr: vi må sjå kvart enkelt barn i den enkelte situasjonen an, og handle deretter.

Konkrete, nyttige erfaringar om korleis du som voksen kan bruke ulike reaksjonsmåtar i relasjon til situasjonar og barn involvert.

- opparbeide tryggleik og tillit
- vere konsekvent og forustigbar
- sette ord på følelsar og reaksjonar i etterkant av situasjonen
- at det er samsvar mellom tale og kroppsspråk
- respektere barna og deira ulikheit
- å ta barna vekk frå situasjonen
- stemmebruk
- lytte til barna
- kjenne barnas bakgrunn og reaksjonsmåte

J 2. UNNGÅ OPNE KONFRONTASJONAR MED TILSKODAR

Dette betyr: ikkje irettesette framfor andre barn, være førevar og skjerme barna for unødvendig negativ fokus.

Konkrete, nyttige erfaringar om gode rutinar for å unngå opne konfrontasjonar i klasserommet:

- ta barnet vekk frå situasjonen
- snakke rolig til barnet det gjeld
- la barne få roe seg
- augekontakt
- skjerme barn som ofte kommer i uønska situasjonar
- møte barna med samtale

- høre deira følelsar og historie
- respekt
- samtale vaksne mellom/støtte og rettleia kvarandre

J 3. FOKUSER PÅ DEN KONKRETE HENDINGA

Dette betyr: at den vaksne held fokus på det som skjer her og no, og ikkje dreg inn tidlegare hendingar.

Konkrete, nyttige erfaringar om korleis du som vaksen kan fokusere på den konkrete hendinga:

- ikkje trekke fram ting som har hendt før
- ikkje sei: alltid må du.
- Jobbe med oss sjølve for å legge vekk tidlegare hendingar som kan ha farga vår oppfatting av barnet
- ikkje tekke for raske konklusjonar
- vise respekt
- komme til ein felles forståing
- gi klare beskjedar
- sette fokus på her og nå

K. Foreldrekontakt

1. Den vaksne skal ha regelmessig kontakt med foreldra
2. Den vaksne skal forsøke å forstå foreldra si oppleving av barnehagen
3. Den vaksne skal gjøre bruk av foreldra si erfaringar med sitt barn



Psykososiale vanskar i gruppa kan førebyggast ved god kontakt med foreldra

K 1. DEN VAKSNE SKAL HA REGELMESSIG KONTAKT MED FORELDRA

Dette betyr: At vi skal snakke med foreldra, morgon og ettermiddag, kvar dag. Vi må og legge til rette for regelmessige samtalar i fred og ro.

Konkrete, nyttige erfaringar om korleis du som voksen kan ha regelmessig foreldrekontakt:

- Ein person har ansvar for å ta imot i garderoben.
- Foreldresamtalar haust og vår, og ved behov.
- Vere tilgjengelege og tilstades for foreldre i kvardagen og ha ein låg terskel for å ta kontakt ved behov, og omvendt.
- Vere i møtekommande.
- Ta i mot ris og ros på ein profesjonell måte.
- Ha open avdeling viss foreldre vil stoppe å ta ein kaffi.
- Foreldremøte.
- Foreldrecaffi.
- Vere positive, opne og legge vekt på positive tilbakemeldingar, som igjen gjer det lettare for begge partar å ta opp vanskelege sakar når det trengs.
- Gje ut informasjon, aktiv bruk av mail, nettside og månadsplanar.

K 2. DEN VAKSNE SKAL FORSØKE Å FORSTÅ FORELDRES OPPLEVING AV BARNEHAGEN

Dette betyr: at vi må ta foreldra sitt perspektiv og setje oss inn i deira situasjon. Ta dei på alvor, vere lyttande og respektera deira synspunkt.

Konkrete, nyttige erfaringar på korleis du som voksen kan sette deg inn i foreldres oppleving av barnehagen:

- at vi lyttar til foreldra.
- Gjev informasjon.
- Gjev rom for tilbakemeldingar.
- Respekterer foreldra.
- Vere tolerante.
- Forstår og tar omsyn til dei enkeltes behov.
- Brukarundersøkingar.
- Ta med foreldre på evalueringar.
- Huske at det som er ein sjølvfølge for oss, ikkje treng vere det for foreldra.

K 3. DEN VAKSNE SKAL GJØRE BRUK AV FORELDRA SI ERFARINGAR MED SITT BARN

Dette betyr: at vi må anerkjenne foreldra som ekspertar på eige barn og vise at vi kan gjere oss nytte av deira kunnskap i barnehagen.

Konkrete, nyttige erfaringar om korleis du som voksen kan gjøre bruk av foreldra si erfaringar med sitt barn:

- ”førsamtale” før barna startar i barnehagen. Der vi får informasjon om barnet.
- Målsetjingar for barnet lagas saman med foreldre.
- I møter, la foreldra snakke først.
- La foreldresamtalen vere ein samtale ikkje monolog.
- Sjå foreldra som ein ressurs, be om råd og hjelp.
- Avklara med foreldra om korleis dei gjer i forhold til praktiske ting, som til dømes allergi.
- Prioritere den daglege kontakten fordi det er særskilt viktig for at vi heile tida kan vera oppdatert i forhold til barna og situasjonen her og nå.

L. De voksne i klassen/gruppa

1. Det skal være felles holdning blant alle voksne i gruppa



Miljøet i gruppa påvirkes av koordinering og samarbeid mellom de voksne

L 1. DET SKAL VÆRE FELLES HOLDNING BLANT ALLE VAKSNE I GRUPPA

Dette betyr: at personalet må ha eit nært samarbeid og diskutere seg fram til ei felles forståing for korleis vi skal jobbe her.

Konkrete, nyttige erfaringar om korleis ein kan sikre felles holdning blant alle vaksne i gruppa:

- ha rom for å diskutere holdningar og verdiar i personalgruppa.
- Faglege grunngevingar for val og handlingar.
- At alle er lojale mot det som blir bestemt.
- Engasjere seg i møta, og nytte dei godt.
- Verdi arbeid som ”skal – skal ikkje” og ”Steg for steg”
- Evaluere
- Gi ros og ris.
- Praksisforteljingar.
- God informasjon.
- Sei si meining på møta, ikkje etterpå.
- Opne for nye ting
- At vi vaksne er villige til å endre haldning.